

Kva kompetanse treng frukt- og sidernæringa i dag og i framtida?

Fagskolen Vestland og Hardangerrådet inviterer til samling på Hjeltnes, Ulvik
Tysdag 25. april 2023 kl 10.00 - 15.00

- Frukt- og sidernæringa har i dei siste åra hatt ei særst positiv utvikling, og det er ambisjonar for vidare vekst både innan konsumfrukt og most-/siderproduksjon. Eit godt tilrettelagt og målretta kunnskap- og kompetansetilbod er ein bærebjelke for å innfri ambisjonane. Ein treng å vidareutvikle tilbod retta mot eksisterande produsentar og ikkje minst legge til rette for spennande og nyttig utdanningstilbod for unge som ynskjer seg ei framtid innan næringa. Målet med denne samlinga er difor:

- Informera om gjeldande utdanningstilbod i regionen
- Informera om kompetansebehov sett frå næringa si side
- Informera om prosjektet: Nasjonalt frukt- og sidersenter
- Drøfta udekkede behov for kompetanse innanfor frukt- og siderproduksjon, både for etablerte og nye aktørar og ungdom som ynskjer ei framtid innan næringa.

Program:

- | | |
|-------------|---|
| 10.00-10.45 | Velkomst og målsetjing for samlinga v/ Jostein Eitrheim
Informasjon om Hjeltnes - Fagskolen Vestland v/ Andrid Solaas
Kort om Hardanger produksjonsskule, gartnarutdanning mm v/ Håkon Gjerde
Informasjon om vidaregåande skule i regionen (Kvam, Odda, Voss) - tilbod og moglegheiter v/Samson Håland
Opplæringskontora si rolle for frukt og sidernæringa. v/Terje Rognsvåg |
| 10.45-11.15 | Kva treng sidernæringa av kompetanse? v/ Anna Gursli Langesæter
Krav treng fruktnæringa av kompetanse? v/Maria Strand
Nye kompetansekrav i landbruket v/Knut Byrkjenes Hauso og Arne Lofthus |
| 11.15-11.30 | Pause |
| 11.30-12.00 | Korleis fylla gapet mellom kompetansebehov og desentralisert tilbod for: <ul style="list-style-type: none">• Etter- og vidareutdanning for etablerte aktørar innan frukt og sidernæring v/Endre Bjotveit, Norsk Landbruksrådgiving• «Nybegynnarkurs for fruktdyrkarar» v/Endre Bjotveit, Norsk Landbruksrådgiving |
| 12.00-12.45 | Lunsj |



- 12.45-13.45 Tema til diskusjon:
a) **Rekruttering for framtida** - Korleis samhandlar skular og arbeidsliv mht kompetansebehov og studietilbod i regionen? Fokus på utdanningsløpet: ungdomsskule – vgs – fagskule – næringa
b) **Kompetanse for dagens frukt- og siderprodusentar** - Korleis kan ein løysa kompetansebehovet for næringa?
- 13.45-14.00 Pause
- 14.00-14.20 NIBIO Sensorisk panel Målsetjing og status v/Thomas Harris
- 14.20-14.45 Vidare prosess for Nasjonalt senter for frukt og sider v/ Tom Rasmussen og Thomas Harris
- 14.45-15.00 Oppsummering av avslutning

Påmelding til post@hardangerraadet.no innan 14.04.2023